



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
21.04.2017
Dykkar dato
20.04.2017

Vår referanse
2017/1668 612
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

ref. 2170ils - Pnr 21000

Tildelingsbrev - Meland - Kompetansemidler til barnehage 2017

Meland kommune får utbetalt **kr 99 716,-** til kompetansetiltak for tilsette i barnehagar i kalenderåret 2017. Tildelinga er gjort med bakgrunn i Fylkesmannen si utlysing og søknad frå kommunen.

Midlane vil om kort tid bli overførte til Meland kommune, organisasjonsnummer 951 549 770, bankkonto 1503 18 83722.

Om tilskotet

Fylkesmannen tildeler i alt kr 4 460 000 til kompetanseutvikling i barnehagane i Hordaland. Eit grunnbeløp på kr 14 015 blir gitt til alle kommunane. Det resterande beløpet er tildelt etter talet på årsverk i barnehagar pr. 15. desember 2016.

Formål

Tilskotet skal bidra til at kommunen i samarbeid med barnehageeigarar kan gjennomføre tiltak for å auke kvaliteten i barnehagane. Midlane skal brukast til å oppfylle lokale mål og bygge på sentrale føringar som går fram av utlysinga.

Kommunar med både private og kommunale barnehagar skal ta omsyn til fordelinga mellom desse når det gjeld fordelinga av midlane.

Rapporteringskrav

Frist for rapportering er 1. desember 2017. Midlane kan brukast i heile barnehageåret, men kommunen må leggje konkrete planar for barnehageåret til grunn for rapporteringa.

Kommunen må registrere kva midlane går til og kor mange frå private og kommunale barnehagar som deltek i tiltak og prosjekt lokalt. Dette blir det spurt etter i rapporten.

Lenke til rapporteringsskjema blir sendt ut i god tid før rapporteringsfristen.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, eller ved manglande rapportering, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskot.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift